

**Referent:** Ingunn Bårtvedt Skjerdal

**Dato:** 01.11.2022

<b>Emne:</b>	<b>Referat frå regionalt planforum 13.9.22 - arealdelen til kommuneplanen i prosess - Høyanger kommune</b>	
<b>Til stades:</b>	Ørjan Haram	kommunedirektør
	Synne Vefring	leiar plan og forvaltning
	Janne Kristin Bøyum	Arealplanleggar
	Einar Taule Øyehaug	Gis-ansvarleg
	Randi Dale	jordbrukssjef
	Olav Nordgulen	leiar for drift og vedlikehald
	Kine Larsen Læg Reid	folkehelsekoordinator
	Ingrid Heggø	Næringssjef, Høyanger næringsutvikling (HNU)
	Helene Marie Øgaard	Mattilsynet
	Charlotte Skeide Norseng	Fiskeridirektoratet
	Margit Sandem Fjellengen	NVE
	Gert Høgset	NVE
	Dag Endre Stedje	Statsforvaltaren, planseksjon
	Eirik Brynjelsen	Statsforvaltaren, landbruk
	Eva Katrine R. Taule	SUD-PKF fagansvarleg kommunale planar
	Ingunn B. Skjerdal	SDU-PKF koordinator planforum
	Mona Elisabeth Steinsland	SUD-PKF kommunekontakt
	Inga Petronella Lindstrøm	KII kulturarv
Anders Søyland	KII idrett og friluftsliv	
Elisabeth Aune	INN akvakultur	
Grete Kathrine Jacobsen	INN næring	
Silje Foyn	KII arkeolog	
Arve Helle	Politisk observatør	
<b>Forfall:</b>		<b>Sak:</b> 2022/4000 - 31
<b>Møtetid:</b>	13.09.22 kl 12.30-14.30	Møtestad: digitalt på Teams

**Møteleiar:** Eva Katrine Ritland Taule

Referentar: Mona E. Steinsland og Ingunn B. Skjerdal

***Innleiing ved Høyanger kommune***

Kommunen har vald å melde inn tre tema som dei ønskjer å drøfte i planforum, akvakultur, strandsone og lokalt viktige bygningar – vern.

Det er eit godt grunnlag i gjeldande kommuneplan, men det blir ein revisjon og kommunen har overteke ein del av Balestrand kommune som det må utarbeidast plan for.

***1 Vern av lokalt viktige bygg i Høyanger tettstad***

Høyanger ønskjer ei vurdering av om dei brukar rett føremål i kart og om dei har gode nok formuleringar i dei gjeldande føresegnene med omsyn til bevaring av eksisterande bygningar og anna kulturmiljø – «Egne hjem» ein særeigen bustadtype. Med utgangspunkt i gjeldande føresegner

av 6

*VLFK Kulturarv - refleksjonar*

- I Høyanger er delar av busetnaden i sentrum registrert i [NB registeret](#) til riksantikvaren. RA har registrert område som er av nasjonal interesse, ein fysisk manifestasjon av industrialiseringa av Noreg. I Sogn og Fjordane er det 4 område som har NB status.
- I fjellet er det installasjonar knytt til kraftutbygginga. Dette er innlemma i framlegg til Kulturlandskap av nasjonal interesse (KULA) som no er på høyring
- Viktig å sjå bygg og element utanfor området for å sikre ein heilskap
- Det er endra i dei nasjonale føringane innan kulturminnevernet, det er meir fokus på kulturmiljø
- I Høyanger kan det vere riktig å sjå på om det er bygg utanfor NB-området som bør sikrast kyrkja og ungdomshuset og skulen eller fabrikkområdet, ingen ting av dette er ein del av NB! Området
- Kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse – kraftverkslandskap, overlappar NB område, sjå ting i samanheng, kraftstaden og kraftlandskapet,
- Dagleglivet kontra det overordna, er det ei forståing lokalt for kva eigarane er med å forvalte?
- Styrke formidling og inkludering lokalt - kan gje auke i forståing i høve føresegn og tiltak
- Det som er spesielt med Høyanger er at området ble etablert på veldig kort tid. Mange stader kan ein lese staden si utvikling over tid, men har ikkje denne tidsdjupna i Høyanger som andre steder. Gjer at området blir sårbart for endringar, kanskje meir sårbart for endringar.
- Dette er spennande men krevjande,
- Kulturminneplan til Høyanger skal peike på verdiar som kommunen ønsker å ivareta, kommunen sjølv må ha ein gjennomgang av kva som er lokale verdiar. Fylkeskommune har eit regionalt og nasjonalt fokus
- 
- Fylkeskommunen ved kulturarv planlegg en synfaring 4. oktober. Ønsker å få til ei synfaring til Vadheim og Høyanger

*Kommentar frå kommunen*

- Omsynssona har liten juridisk tyngde slik føresegnene er formulert i dag.
- Tenker at det er behov for en detaljert gjennomgang for å finne dei gode formuleringane
- Er ute etter bestemmelser knytt til transformasjon, endring,
- Vern gjennom bruk har vore førande, lage god formidling av det ein ønsker å ta vare på.

*Arkeologiske kulturminne, må visast som omsynssone i plankart og ivaretakast i føresegner.*

- I LNF område tilrettelagt for spreidd utbygging må ikkje vere i konflikt med kulturminne av høg verdi. Då er det behov for å oppfylle undersøkingsplikta.
- Viktig at omsynssonene er tilstrekkeleg store.
- Askeladden riktig kjelde når det gjeld kulturminne

Som avslutning på tema kulturminne vart kommunen oppmoda til tett dialog med kulturavdelinga for å unngå motsegn til kulturminne tam i arealdelen, dette er knytt til utforming av føresegner, bruk av omsynssoner i kartet og utstrekning av omsynssonene.

**2. Strandsone**

Kva metode som er best å nytte i samband med kartlegging av strandsone?

Vestland fylkeskommune har i samarbeid med Statsforvaltaren utarbeidd ein strandsonerettliar:

<https://storymaps.arcgis.com/stories/0e5bbcae4818457fb91e9d6e83651d29>

Rettliaren er spesielt utarbeidd med tanke på kommuneplanen sin arealdel.

*Statsforvaltaren:*

- Strandsone er spesielt viktig tema i KU
- Kommunen ligg i sone 3 i statlege planretningslinje for forvaltning av strandsona. Likevel eit stor press på strandsona, lite tilgjengeleg strandsone, tiltak kan kome i konflikt med naturmangfald, mykje bratt terreng, store inngrep.
- Hyttebygging eit tema som ofte er i konflikt med strandsone verdiane

av 6

- Dersom det skal opnast for tiltak, må strandsona nyttast til tiltak eller næring som må ligg til sjø fritidsbustadar er ikkje eit slikt tiltak. LNF spreidd - vanskeleg å treffe, ofte store område. Lokaliseringa bør vere meir avgrensa område
- Arealrekneskap eit viktig verktøy, viktig å synleggjere behovet for bustadar og hytter. Ser at kommunane i stor grad legg til rette for overkapasitet.
- Ser at det er mykje dispensasjonssaker i strandsonen og LNF-område generelt

*Kommentar frå Høyanger kommune*

- politikarane ønsker ein fleksibel plan, har i stor grad brukt LNF spreidd og vil truleg gjera det i fortsettinga også.
- Arealregnskap – ligg i gjeldande plan og naturleg at dette blir innarbeidd i den nye planen.

*VLFK seksjon for idrett og friluftsliv*

– det er utlyst tilskot til kartlegging av friluftslivets ferdselsårer. Moglegheit for støtte til utarbeiding med kompetanse og kartfesting. Kan vere fint supplement til

### 3. Akvakultur

*Innleiing ved kommunen*

- Kommunen setter av areal i arealdelen til kommuneplanen og fylkeskommunen tildeler lokasjon
- Akvakultur på sjø og land – kva skal kommunen sjå etter i KU for desse areala
- Har fått 13 innspel til nye areal
- Kva skal kommunen legge vekt på i vurdering KU
- Kva kan vere mest fordelaktig?
- I gjeldandeplan har dei ein firkant med litt areal rundt – ser at andre kommunar løyser dette på andre måtar td. Hyllestad kommune.
- Akvakulturanlegg har også areal på land, kva slag føremål skal den ha?
- Kva er kommunen sine oppgåver, kva er andre sine oppgåver
- Trafikklysmoell raud sone – fører til at bransjen er på jakt etter nye lokalitetar. Korleis skal kommunen vurdere dette?
- opplever no også ei ny problemstilling på grunn av at kommunen ligg i to straumsoner er det attraktivt å flytte anlegg frå eit område til eit anna.

*Mattilsynet –*

- Raud sone er ikkje permanent
- Arealplanane må legg til rette for framtidig arealbruk, td nye areal

*Kystverket –*

- søknadar om ferskvassbasseng
- Alle merdanlegg i sjø skal handsamast
- Ferskvassbasseng for avlusing er ikkje definert som akvakulturanlegg, men som anlegg i sjø
- Kystverket gjer vurderingar i høve kysttrafikken
- Det er ikkje uvanleg med slike ferskvassanlegg

*VLFK Akvakultur*

Akvakulturanlegg er ikkje berre laks og aure. Det er kanskje ikkje plass til fleire anlegg til laks og aure, men det kan vere plass til anlegg for andre artar

Raud sone – gjer at aktørane har behov for areal, næringa har gjerne behov for lokalitetar for å drive berekraftig – Utvide areal for anlegg som allereie ligg i kommuneplanen for å betre drift av eksisterande anlegg.

Normalt sett ligg ikkje anlegga til land, det er sone mellom anlegg og land slik at det er rom for ferdsel og tilgang til strandsonen. Ofte har ikkje desse anlegga behov for areal på land

Akvakulturanlegg i sjø har forbodssoner rundt seg, soner der det ikkje er høve til å fiske

Viss kommunen ikkje ønsker eit merdanlegg, så kan kommunen legge inn område i planen og knytte føresegnar til, kor det ikkje kan eller er ønskeleg med etablering av slike anlegg

av 6

Anlegg på land vert ikkje handsama etter akvakulturloven, men det kan også vere oksygenanlegg på land – i strandsona, anlegg på land som er knytt til område i sjø

kommentar til merdar med ferskvatn for avlusing – det må vere gjeve løyve til å ta ut vatn til denne typen anlegg, NVE handsamar denne typen søknadar. Enkelt saker vert ikkje løyst i kommuneplanen

*Mattilsynet:*

- Dei som har slike anlegg har truleg løyve til å ta ut vatn i samband med settefiskanlegg, treng ikkje ny konsesjon til å ta ut vatn til merdar med ferskvatn.
- Nye akvakulturområde – fiskehelse og fiskevelferd ut i frå retningslinjer, grunnprinsippet er avstandskrav, tett mellom nokre anlegg og så ha litt avstand til neste .

*Fiskeridirektoratet*

Kommentar til om kommunen kan bestemme artar i kommuneplanen–

- Sognefjorden er nasjonal laksefjord – det er ikkje aktuelt med fleire lakseanlegg
- Det også gyteområde for torsk - dermed er ikkje torsk aktuelt art i gyteområda
- Nye anlegg må ikkje kome i konflikt med fiskefelt, rekefelt og låssettingsplassar.
- Fiskeridirektoratet ønskjer at kommunen vidarefører område sett av til fiske i kommuneplanen
- Syns 13 nye område høyst mykje ut.
- Rår til at kommunen ser på dei eksisterande områda og vurdere storleik på dei.

*Statsforvaltaren om KU i sjø – viktige tema:*

- Er det utviding av nye område eller eksisterande område
- Viktig i KU få fram bakteppe den kritiske situasjonen for villaksen vurdere akvakulturanlegg i høve tilstand for laks og sjøaure
- Fem nasjonale laksevassdrag som er knytt til Sognefjorden
- Sognefjorden er viktig funksjonsområde
- Oppmode om å ta ein titt på kommunedelplan for sjøareal for Stad kommune, sjå spesielt på KU og føresegner knytt til akvakultur
- [https://webhotel3.gisline.no/Webplan\\_4649/gl\\_planarkiv.aspx?planid=2019100](https://webhotel3.gisline.no/Webplan_4649/gl_planarkiv.aspx?planid=2019100)

VLFK plan rår til at kommunen har dialog med Statsforvaltaren om KU før planen blir lagt på høyring for å unngå motsegn.

VLFK kulturarv kommentar til landbaserte anlegg, kulturlandskapet vil bli påverka og det er viktig å vere bevisst på endringa slike landbaserte anlegg kan medføre, skala og endring av staden sin karakter.

NVE – kommentar til anlegg i sjø Naturfarekart sluttar nær land, Ønskjer å gjere merksam på at det berre er ei teknisk avslutning, må ha med seg at aktsemdområde truleg strekk seg lenger ut i sjø, sekundærverknad kjem i liten grad fram i NVE sine aktsemdkart, dette er viktig å vere merksam på i samband med lokalisering av anlegg.

VLFK plan i den regionale planen for sunnhordland og Hardanger er det eit råd om å trekke akvakulturanlegg, litt ut i frå strandsona for å sikre friferdsel

*Kystverket*

- I samband med lokalisering av akvakulturanlegg er omsynet til farleier og sektorlys viktig. Kommunen må skildre kva dei ønskjer og så ta stilling til om fortøying kan ligge utanfor området for akvakultur eller innanfor, si Sognefjorden er det stor djup, så fortøying kan ta stor plass.
- Ankringsområde for skip er eit anna viktig tema som kystverket har fokus på. Kystverket jobbar med kartlegging, td så kjem kablar i vegen for ankring. Kystverket manglar ankringsområde. Vadheimområdet er ikkje så aktuelt, medan Lånefjorden er godt eigna til ankring av skip
- Oppmodar kommunen til å ta kontakt for å avtale arbeidsmøte.

av 6

Statsforvalraten – kommentar til akvakulturområde med føresegn om fortøying. Dette må gå fram av plankartet.

Statsforvaltaren landbruk innspel teke inn frå e-post:

«Akvakultur: mest opptatt av store landanlegg (nye smoltanlegg?), på land ofte i konflikt med beste jordbruksarealet. No: Ortnevik (kveite, sjøvatn), komp. tiltak

Landbruksinteresser i planen:

Nasjonale rammer og føringar: nasjonal Oppdatert jordvernstrategi 2021, maks 3.000 daa/år. Det nasjonale jordvernmålet er avhengig av kommunane sine prioriteringar! «Det er jo kommunane som forvaltar areala»

Vise til SFVL sitt brev til kommunane 070622: Forvaltning av jordbruksareal i arealplanlegging og sakshandsaming, illustrert «fordelinga» på kommunane etter registrert jordbruksareal. Ikkje bindande, det kan kommunen gjere sjølv ved talfesting av jordvernmål (etter arealrekneskap) men illustrerer ansvaret som kommunane forvaltar på vegner av nasjonen... Høyanger 4 daa/år, ned 30 % i høve det ein har ligge på dei siste åra. Då spørst det kor mange 100 dekar med jordbruksareal ein bør ha liggjande i arealreserven sin...

Det vil vere ei stor føremon om ein oppsummerr og vurderer totalomfanget ift jordvern i planomtale/KU!

\*Dømesvis har eg ein kommune av same storleik no, som meiner dei treng 250-400 nye dekar jordbruksareal i planperioden, i tillegg til ikkje talfest reserve, det meste til bustad og fritidsbustad. Då blir det fort mange og vanskelege rundar...

Regionale forventningar og føringar: Temaplan landbruk 2022 (nov/des, utkast ligg føre), inkl. jordvern!

Ikkje lest KPS, men ofte ei fare at arealstrategiane er «snille» og gir lite konkrete føringar for KPA...

Reknar med de ikkje har vedtak om arealrekneskap i utforminga av/silinga i KPA. Kan evt gjerast som prinsippvedtak. Enkelte kommunar implementerer no dette. Vi har kommunar som knapt siler innspel til KPA i det heile tatt. Vi må forvente at kommunen vurderer både einiskilde tiltak og totalbruk av jordbruksareal både i nye tiltak og i ståande arealreserve i eksisterande plan (SSB 30 år+)

Det er i KPA dei store jordbruksareala ryk med; 70 % av arealtapet i Vestland skjer til føremål kommunane rår over (helvta bustad), resten mest veg... Om lag 50 % av tapet skjer i og nær sentra: krev fortetting/høg arealnytting framfor sentrumsutviding. I sjølve Høyanger spesielt transformasjon, sidan utviding/alternativ knappast finst?

Mest areal i høgda rundt Husefjellet, langs fjorden vestover frå Høyanger og (på) Vadheim og i fjordar og vågar på sørsida. Ved fjorden ofte utsett ved vegbygging (proaktiv komp. Tiltak?)

Gode føresegner naudsynt for nytting av jordbruksareal ved fortetting i sentra (bustad/næring), og for LNF spreidd bustad. Fritidsbustad på dyrka mark må kunna unngåast. Også bustad utanom landbruksføremål og senterutvikling.

Det har de eigentleg ikkje rom for, om de skal prioritere nasjonalt (evt lokalt!) jordvernmål.

Massehandtering/nytting, spes ved vegprosjekt/store anlegg? Nytting/kompensering til betring/nydyrking av jordbruksareal?»

VLFK Næring

- Temaplan for landbruk er under arbeid
- Fokus på grøn næringsutvikling
- Bevaring av kulturmiljø - viktig verdiskapingsdimensjon, besøkande ønsker å høyre om fortellingane til området
- Strandsone og næring – strandsona øyremerka næring som treng tilgang til sjø.

VLFK plan –

- Det vert for tida jobba med regional plan for klima og regional plan for senterstruktur og lokalsamfunn

Avslutningskommentar

- Viktig å ta kontakt og ha dialog med dei regionale og statlege myndighetene undervegs i arbeidet med arealdelen

Vedlegg

- 1 Bestillingsskjema planforum Høyanger kommune
- 2 Planprogram for kommuneplanens arealdel 2022-2035